

SYKKYLVEN KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

20.02.2014

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmann

Medlemene av
Kontrollutvalet

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet.

**torsdag, den 27. februar 2014 kl. 14.00
i Blåsalen**

SAKLISTE:

- Sak 07/14 - Godkjenning av møtebok frå møte 16. januar 2014
- « 08/14 - Ugyldige avtalar og erstatning frå Nordea Bank NORGE ASA – rådmannens habilitet - oppfølging
- « 09/14 - Årsmelding Sykkylven kontrollutval 2013
- « 10/14 - Samanslåing av revisjonsdistrikt
- « 11/14 - Om tilskot til minoritetsspråklege barn
- « 12/14 - Bruk av anbodsystemet i Sykkylven kommune
Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no.

Odd Jostein Drotninghaug
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 16. januar 2014, kl.14.00
Møtestad: 4. etasje i Skeidarbygget i Breivika

Møtet vart leia av: Odd Jostein Drotninghaug

Elles tilstades:

Sigmund Valbø, Grethe Melseth, Ole Bjørn Roald og Anita Søvik

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen.
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen, revisjonsrådgjevar Svein Ove Otterlei og revisjonsrådgjevar Kurt Løvoll.

Frå Sykkylven kommune møtte ordførar Petter Lyshol.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 01/14
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 18. DESEMBER 2013**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 18. desember 2013 blir godkjent.

**SAK 02/14
UGYLDIGE AVTALAR OG ERSTATNING FRÅ NORDEA BANK NORGE ASA –
RÅDMANNENS HABILITET**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 10.01.2014

Spørsmål om å lukke møtet i denne saka vart reist. Problemstillinga vart drøfta og det vart ikkje fremma forslag om å lukke møtet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Saka blir oversendt kommunestyret for ei nærare vurdering av rådmannen sin habilitet og vidare behandling samt mulig oppnemning av setterrådmann.

2. Kontrollutvalet legg til grunn at det blir arbeid vidare med avklaring av kommunens rettslege stilling overfor Nordea.

SAK 03/14

UNDERSKOTSSITUASJONEN I FORPLIKTANDE PLAN OG TERTIALRAPPORT NR. 2 2013

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 16.01.2014

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek brev nr. 1/2014 frå kommunerevisjonen til orientering og oversender dokumenta i saka til kommunestyret.

SAK 04/14

BRUK AV ANBODSPRINSIPPET I SYKKYLVEN KOMMUNE - DRØFTINGSSAK

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir å kome tilbake til i neste møte.

SAK 05/14

AVVISOPPSLAG OM LEGESENTERET (Saka kom opp under eventuelt)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kommunerevisjonen tek kontakt med fylkesmannen for avklaring av innhaldet i planlagt tilsyn frå fylkesmannen.

SAK 06/14

VEDKOMANDE TILSKOT TIL BETRE SPRÅKFORSTÅING FOR MINORITETSSPRÅKLEGE BARN I FØRSKULEALDER (Saka kom opp under eventuelt)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir undersøkt nærare til neste møte.

Odd Jostein Drotninghaug
leiar
(sign.)

Sigmund Valbø
nestleiar
(sign.)

Grethe Melseth
medlem
(sign.)

Ole Bjørn Roald
medlem
(sign.)

Anita Søvik
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sykkylven kommune

Dato: 20.02.2014

**SAK 08/14
UGYLDIGE AVTALAR OG ERSTATNING FRÅ NORDEA BANK NORGE ASA –
RÅDMANNENS HABILITET - OPPFØLGING**

Som vedlegg følgjer:

- Uttale frå Justisdepartementet si Lovavdeling.
- Utdrag frå ei kommentarutgåve forvaltningslova
- Artikkel i Kommunal Rapport av professor Jan Fridtjof Bernt

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet vurderte i sak 02/14 rådmann OJ Lillestøl sin habilitet og gjorde i punkt 1 slikt samrøystes vedtak:

Saka blir oversendt kommunestyret for ei nærare vurdering av rådmannen sin habilitet og vidare behandling samt mulig oppnemning av setterrådmann.

I saksutgreiinga til kontrollutvalssak 02/14 heitte det m.a.:

«Etter forvaltningslova § 8 er det tenestemannen sjølv som avgjer om han er inhabil. Men dersom ein part krev det, eller tenestemannen finn grunn for det, skal han førelegge spørsmålet til for sin næraste overordna, d.v.s. kommunestyret.»

Etter at kontrollutvalet sitt vedtak låg føre har rådmannen gått den motsette vegen. Han har engasjert seg for å hindre at kommunestyret vurderer habiliteten hans ved å hevde at kommunestyret ikkje er eit kompetent organ for ei slik oppgåve. Rådmann Lillestøl har også gått hardt ut mot sekretariatet for kontrollutvalet. I eit eige brev datert 31.01.2014 til kommunestyret peikar han på det han meiner er svikt i saksbehandling og habilitet hos kontrollutvalsekretariatet. Dette er tilhøve som blir tilbakevist og som uansett ikkje er relevante for spørsmålet om rådmannen sin habilitet.

Same året som då rentebyteavtalane kom opp første gongen (2011), gjorde Lillestøl gjeldande liknande argument overfor styret i Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS. Styret delte ikkje rådmann Lillestøl sitt syn og ba han trekkje insinuasjonane tilbake. Det gjorde Lillestøl i brev av 01.11.2011 som avsluttar med slik ordlyd: "... vi forhold oss til dei vurderingane som vert gjort" av styret.

Desse spørsmåla er derfor endeleg avklara.

Habilitetsspørsmålet

Rådmannen har ikkje har gjort forsøk på å forklare kvifor han meiner å vere uberørt av spørsmåla omkring gjeldsavtalane han tidlegare medverka til å få i stand overfor Nordea. Dersom han meiner seg personleg uberørt av saka mot Nordea, var det naturleg at dette vart forklart og dokumentert. Ikkje på noko punkt har han forsøkt å gå imot sekretariatet si klare opplisting av tilhøve som må føre til at han er inhabil.

Det rådmann Lillestøl har gjort er i staden å søkje å vinne tilslutning for at kommunestyret ikkje er kompetent til å avgjere habiliteten hans. Ved å sende ufullstendige spørsmål til juridisk ekspertise har rådmannen fått eit like ufullstendige svar. I e-post av 06.02.d.å. til m.a. ordføraren skriv rådmannen at svaret er "*Heilt i tråd med det eg har hevda heile tida.*"

Rådmannen sine forsøk på å leggje lokk på spørsmåla viser at han, sjølv ikkje etter kontrollutvalet si behandling av sak 02/14, har innsett at det som må forklarast er den manglande tilliten til at han er upartisk og personleg uavhengig i høve til rentebyteavtalane. Dette vinklar han som om kommunen sitt øvste organ ikkje kan behandle og treffe avgjerd i spørsmål om habilitet hjå sine tilsette i ei so alvorleg sak.

Ei slik haldning hos ein rådmann gir grunn til ettertanke fordi det er tale om kommunen sin fremste administrative leiar. Det er etter lova tenestemannen si plikt å seie frå om tilhøve som kan medføre inhabilitet.

Ein inhabilitetssituasjon er i seg sjølv ikkje kritikkverdig. Tilfelle der ein bør gå frå fordi ein ikkje er tilstrekkeleg uhilda kan dei fleste kome opp i. Det som imidlertid er klanderverdig er at tenestemannen ikkje sjølv ope vurderer habiliteten sin og tek konsekvensane, sjølv etter kontrollutvalet si handsaming av spørsmålet.

Forvaltningslova § 8 første ledd lyder slik:

"Tjenestemannen avgjør selv om han er ugild. Dersom en part krever det og det kan gjøres uten vesentlig tidsspille, eller tjenestemannen ellers selv finner grunn til det, skal han forelegge spørsmålet for sin nærmeste overordnede til avgjørelse."

Ein av dei fremste ekspertane innafor lovverket på dette feltet gjer det klart at lova er slik å forstå at «nærmeste overordnede» også kan vere eit kollegialt organ, dvs. både formannskap og kommunestyre. Det overordna organet kan derfor både vurdere og avgjere spørsmålet om rådmannen sin habilitet. Det same uttalar ein sentral rådgjevar i Kommunal- og moderniseringsdepartementet. I denne samanhengen er derfor formannskapet/kommunestyret rådmannen "sin nærmeste overordnede". For kontrollutvalet er det naturleg å vende seg til kommunestyret.

Ovannemnde standpunkt vart klarlagt gjennom Justisdepartementet si Lovavdeling i avgjerd av 27.09.1979.

Denne avgjerda er kommentert og lagd til grunn i seinare juridisk teori, m.a. hjå Arvid Frihagen i boka «Inhabilitet etter forvaltningsloven» og er stadfesta av Geir Woxholth i «Forvaltningsloven med kommentarer», seinast i 2011. Det som etter dette kan leggjast til grunn som sikker gjeldande rett er at ein rådmann også har plikt på seg etter det allmenne prinsippet om «god forvaltningskikk» til å legge eit habilitetsspørsmål fram for formannskapet/kommunestyret av eige tiltak når det kan vere tvil, sjølv om der ikkje er reist

innsigelse mot habiliteten. Arvid Frihagen meiner at rådmannen også har ei rettsleg plikt til dette, ikkje berre ei plikt etter «god forvaltningsskikk».

Ved sida av dette er all mynde hjå alle kommunale organ, også rådmannen sine fullmakter, utleia frå kommunestyret som det øvste organet i kommunen. Kommunestyret har dessutan som arbeidsgjevar ein styringsrett over rådmannen som tilsett. Både gjennom lova og i kraft av den individuelle arbeidsavtalen er rådmannen bunden av kommunestyret sin instruksjonsrett og har ei ubetinga lojalitetsplikt overfor arbeidsgjevaren sin slik som vanleg er i tilsetjingsforhold. I tillegg til dette er også rådmannen klart bunden av prinsippet om forsvarleg saksbehandling.

Det vil enkelt og greitt også vere urimeleg og stride mot både sunn fornuft og allmenn rettskjensle om ikkje noko organ i kommunen skulle kunne gjere endelege og bindande vedtak om habiliteten til ein rådmann. Det som må forklarast er snarare grunnlaget for ei motsett slutning.

Med ein so klar rettstilstand som det synest å vere omkring desse spørsmåla bør kontrollutvalet i lys av rådmannen sine motreaksjonar og uvilje til å følgje lova vurdere å innstille på at kommunestyret vedtar at rådmann Lillestøl er inhabil i høve den aktuelle saka. Om grunnlaget for ein slik konklusjon blir det vist til saksdokumenta og tilrådinga som følgjer kontrollutvalet si sak nr. 02 /14. I tillegg kjem no at rådmannen har forsøkt å legge hindringar i vegen for at habiliteten hans i det heile skal bli vurdert av kommunestyret, utan å forklare kvifor dei klare bindingane han har til Nordea-avtalene skal bagatelliserast. Etter dei rettslege avklaringane som er lagt fram sidan kontrollutvalet si handsaming av sak 02/14, samanhalde med rådmannen sine nye forsøk på å hindre ei korrekt vurdering av habilitetsspørsmålet, synest spørsmålet å vere endå klarare enn tidlegare. Dette gjer at kommunestyret bør gjere nettopp denne vurderinga og treffe ei avgjerd.

Sjølv om det ikkje er eit krav at inhabilitet skal vere gjort gjeldande av nokon for at kommunestyret skal kunne behandle dette som sak, bør kontrollutvalet likevel fremje ei innstilling i saka.

Når det gjeld vurdering av sjølve habilitetsspørsmålet har sekretariatet vore i kontakt med professor Jan Fridtjof Bernt. Ei klar vurdering av dette kjem fram av vedlagte artikkel i Kommunal Rapport.


På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med slik

innstilling :

Sykkylven kommunestyre finn at rådmann Ole-Johan Lillestøl er inhabil til å ta del i arbeid knytt til kommunen si sak mot Nordea Bank Norge ASA vedkomande gjeldsforvaltning.

Harald Rogne
dagleg leiar

JDLOV-1979-2694

Instans: Lovavdelingens uttalelser
Dato: 1979-09-27
Publisert: JDLOV-1979-2694
Sammendrag: Forvaltningsloven 10 februar 1967. Inhabilitet for kommunens finansrådmann ved behandling av «banksaker» som følge av styremedlemskap i lokal forretningsbank.
Saksgang: A 121, 31.8.79 LW/IL 1643/79 2694/79 E MS/IS/av 27.9.1979.
Parter:
Forfatter: Justisdepartementets lovavdeling. 

Inhabilitet for kommunens finansrådmann ved behandling av «banksaker» som følge av styremedlemskap i lokal forretningsbank

Skedsmo kommune reiser i sitt brev fire spørsmål vedrørende finansrådmannens habilitet i forvaltningssaker.

1. Forvaltningsloven §6 inneholder bestemmelser om når en offentlig tjenestemann er inhabil «til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe en avgjørelse i en forvaltningssak». Paragrafen regulerer *ikke generell inhabilitet* for en tjenestemann. Finansrådmannens habilitet må m.a.o. vurderes etter §6 i *hver enkelt sak*.

2. Ved den konkrete vurdering bør man merke seg følgende:

Bestemmelsene i §6 første ledd a-e er absolutte. Foreligger det forhold som nevnt der, *skal* tjenestemannen fratre ved saksforberedelse og avgjørelse.

§6 annet ledd viser til et skjønn. Det beror på en helhetsvurdering om det foreligger «andre særegne forhold» som medfører inhabilitet etter denne bestemmelsen.

3. Etter forvaltningsloven §8 blir utgangspunktet at finansrådmannen *selv* avgjør om han er inhabil i en forvaltningssak.

§8 første ledd annet punktum lyder:

«Dersom en part krever det, og det kan gjøres uten vesentlig tidsspille, eller tjenestemannen ellers selv finner grunn til det, skal han forelegge spørsmålet for sin nærmeste overordnede til avgjørelse.»

For finansrådmannen kan det i slike situasjoner være naturlig å ta kontakt med formannskapet. Når finansrådmannens habilitet vurderes i forvaltningssak han behandler i kollegialt organ, kommer bestemmelsene i §8 annet ledd til anvendelse.

4. Det opplyses at finansrådmannen var styremedlem i Christiania Bank og Kreditkasse AVS i Lillestrøm da to banksaker ble behandlet i kommunen. Begge ganger skulle kommunestyret gi uttalelse i forbindelse med at andre banker søkte konsesjon til å åpne filial/bankbussrute i samme distrikt.

Utarbeidelse og avgivelse av uttalelse fra kommunene i slike konsesjonssaker må anses å gå inn under betegnelsen «tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse» i forvaltningsloven §6.

Etter §6 første ledd punkt e var finansrådmannen inhabil til å utarbeide og/eller avgi uttalelse som nevnt dersom Christiania Bank og Kreditkasse A/S måtte anses som «part» i saken. «Part» er definert i lovens §2 første ledd punkt e:

«person som en avgjørelse retter seg mot eller som saken ellers direkte gjelder.»

Christiania Bank og Kreditkasse AVS var ikke blant dem som søkte konsesjon i de aktuelle saker. Det er derfor tvilsomt om det kunne statueres inhabilitet for finansrådmannen etter §6 første ledd punkt 2.

Ny filial eller bussrute for en annen bank i et område hvor også Christiania Bank og Kreditkasse A/S hadde sin kundekrets, ville imidlertid kunne skape en konkurransesituasjon.

Justisdepartementet antar at dette etter omstendighetene må kunne karakteriseres som et «særegent forhold» som medfører inhabilitet for finansrådmannen etter §6 annet ledd.

Forvaltningsloven

KOMMENTARUTGAVE

AV
GEIR WOXHOLT

JURIDISK FORLAG
OSLO 1986

§ 8 (avgjørelse av habilitetsspørsmålet)

1. Bestemmelsen gir regler om saksbehandlingen ved inhabilitet. *Første ledd* omhandler avgjørelser hvor den enkelte tjenestemann forbereder eller treffer avgjørelse i saken, mens *annet* og *tredje ledd* gir særregler for kollegiale organers saksbehandling.

Paragrafen er i hovedsak i samsvar med forvaltningspraksis før loven. Den svarer til § 6 i Forvaltningskomiteens innstilling. Under departementsbehandlingen ble det foretatt mindre endringer i utkastet. Justiskomiteen endret departementsforslaget slik at det ble klart at tjenestemannen skal legge frem habilitetsspørsmålet for sine overordnede, dersom en part krever det og det ikke fører til vesentlig forsinkelse. Ved lovendringen 27 mai 1977 nr 40 ble det foretatt visse endringer i annet ledd hvor det ble gitt presiserende regler om avgjørelsen av inhabilitetsspørsmålet i kollegiale organer hvor flere medlemmer kan tenkes å bli ansett inhabile. Samtidig ble det tatt inn et nytt tredje ledd om medlems plikt til å si fra i god tid om eventuell inhabilitetsgrunn.

Avgjørelser som treffes i inhabilitetsspørsmålet er prosessuelle beslutninger, ikke enkeltvedtak. Man kan derfor ikke påklage avgjørelsen særskilt, men må eventuelt klage over en senere realitetsavgjørelse i saken med inhabilitetsinnsigelsen som begrunnelse. Fordi det ikke dreier seg om et enkeltvedtak, kan man heller ikke kreve avgjørelsen begrunnet etter lovens regler om begrunnelsesplikt.

2. *Første ledd første punktum* bestemmer at tjenestemannen selv avgjør om han er inhabil. Tjenestemannen er pliktig til å fratre om han kommer til at han er inhabil. Avgjørelsen skal tjenestemannen normalt ta av eget tiltak. Det er likevel ingen formelle hindringer for at han forelegger spørsmålet for sine overordnede, noe som ofte vil være en hensiktsmessig fremgangsmåte, jf nedenfor. Den avgjørelse som loven krever foretatt, skjer i regelen helt formløst: Tjenestemannen behandler saken uten noen skriftlig drøftelse av inhabilitetsspørsmålet. Han kan likevel gi en formell begrunnelse for sitt standpunkt, og det kan være praktisk i saker som skal behandles av overordnede. Dersom hans avgjørelse går ut på fratreden på grunn av inhabilitet, vil det i praksis foreligge en begrunnelse fra tjenestemannen; skriftlig eller muntlig, men noe vilkår er dette ikke. Særlige spørsmål reiser seg i saker hvor tjenestemannen ikke anser seg inhabil, men hvor han likevel ønsker å fratre. Om dette vises det til Frihagen s 396.

3. *Første ledd annet punktum* klargjør for det første at tjenestemannen alltid står fritt til å forelegge inhabilitetsspørsmålet for sin nærmeste overordnede til avgjørelse. Bestemmelsen pålegger videre tjenestemannen å forelegge spørsmålet for sin nærmeste overordnede til avgjørelse, dersom en part krever det og det kan gjøres uten vesentlig tidsspille. Som regel vil foreleggelse kunne skje uten slikt vesentlig tidsspille som loven taler om. Det skal nokså mye til for

§ 8 (avgjørelse av habilitetsspørsmålet)


plikten faller bort på grunn av faren for tidsspille, jf lovens bruk av kvalifikasjonsmarkören "vesentlig".

Med "nærmeste overordnede" menes nærmeste overordnede i det organ tjenestemannen er ansatt. Dersom inhabilitetsinnsigelsen retter seg mot organets sjef, vil det være den kompetente avdeling innenfor nærmeste overordnede organ som er kompetent instans, jf Frihagen s 401. I kommunalforvaltningen kan "nærmeste overordnede" etter omstendighetene være et kollegialt organ, f eks formannskapet når inhabilitetsinnsigelsen er reist mot en rådmann, jf Frihagen s 401.

Selv om loven ikke formelt krever det, vil det riktigste være å forelegge inhabilitetsspørsmålet for sine overordnede også i tilfelle hvor parten ikke har satt frem krav om det. Det kan f eks gjelde hvor parten har satt frem inhabilitetsinnsigelse som tjenestemannen ikke mener kan føre frem, jf Justisdepartementets rundskriv om forvaltningsloven s 11. Tilsvarende hvis tjenestemannen har funnet seg habil til tross for at det foreligger omstendigheter i saken som kan gjøre det berettiget å reise inhabilitetsspørsmålet.


4. *Annet ledd* gir regler om avgjørelse av inhabilitetsspørsmålet i kollegiale organer. Etter annet ledd *første punktum* treffes avgjørelsen av organet selv uten at vedkommende medlem deltar. Dette må forstås slik at avgjørelsen må treffes kollegialt. Formannen alene er inkompetent til å treffe avgjørelse, også i tilfelle hvor det ikke foreligger inhabilitetsinnsigelse. Delegasjon til formannen er også utelukket, jf Frihagen s 403. Når det bestemmes at den det gjelder ikke "deltar" i avgjørelse, betyr dette for det første at vedkommende ikke har anledning til å votere. Lovforarbeidene forutsetter også at han er inkompetent til å delta i drøftelsen av inhabilitetsspørsmålet, jf Ot prp nr 3 (1976-77) s 66. Se også avgjørelsen i RG 1976 s 32. Derimot har vedkommende selvsagt rett til å uttale seg om habilitetsspørsmålet for saken tas opp av organet.

Annet ledd annet punktum angår tilfelle hvor det i en og samme sak oppstår inhabilitet for flere medlemmer. Med hensyn til avgrensningen av begrepet "sak" i denne sammenheng gjelder tilsvarende retningslinjer som etter fvl § 18 og de andre bestemmelser i loven hvor begrepet er anvendt, jf Frihagen s 406. Samtlige vil da være diskvalifisert fra å delta i avgjørelsen om sin egen eller andres habilitet. Det har ingen betydning om det er reist forskjellig begrunnede inhabilitetsinnsigelser mot medlemmene, dersom innsigelsene gjelder samme sak: Uansett kan ingen av dem inhabilitetsinnsigelsene er rettet mot delta i avgjørelsen. Unntak oppstår i tilfelle hvor organet ikke vil være vedtaksført uten deltagelse fra den (de) det gjelder.



Logg ut

[Hjem](#) [Siste nytt](#) [Kategorier](#) [Meninger](#) [Tjenester](#) [Kontakt](#)



Bernt svarer: Når særegne forhold svekker tilliten til rådmannen

Hvis en rådmann får sterk kritikk for håndteringen av en sak, kan det være klokest å tre til side og la andre ta ansvaret for saksbehandlingen.

Av Kommunal Rapport

17. februar 2014 - 13:24 (Oppdatert: 17. februar 2014 - 13:24)

Liker Tweet

Mest lest siste sju dager

Lærerne jobber altfor lite



Rådmann:
Kommuner driver

kynisk eksport av barn



SV åpner
for å splitte
KS-styret

om arbeidstid



Strukturdebatt i 302 kommuner



Omplasserer
enhetsleder

Siste saker

Kan en rådmann utsatt for kritikk bli inhabil som følge av kritikken?

En rådmann får kritikk av kontrollutvalget for håndteringen av en sak. Kommunen har tapt penger på en investering, og utvalget mener rådmannen åpenbart burde gjort langt mer for å sikre kommunens verdier i den etterfølgende striden med rådgiveren om hvorvidt kommunen har krav på kompensasjon.

Kommunen vil ikke gi opp kampen mot rådgiveren, og vil gå videre i kravet om erstatning. Men kontrollutvalget mener rådmannen må settes på sidelinjen i den videre saksbehandlingen, som inhabil fordi jobben som har vært gjort fram til nå har vært så lite tillitvekkende.

Kan rådmannen parkeres på denne måten i en slik enkeltsak, eller vil dette være å regne som mistillit til rådmannen, som da i praksis bør løses fra sin stilling? Hvem kan i tilfelle gå inn som rådmann i stedet?

Bernt svarer

Her er det i utgangspunktet viktig å skille mellom kritikk for dårlig saksbehandling og inhabilitetsinnsigelser.

I [kommuneloven § 23](#) er det fastsatt at «Administrasjonssjefen er den øverste leder for den samlede kommunale eller fylkeskommunale administrasjon». Det betyr at rådmannen har et lederansvar for alle sider av kommunens saksbehandling, et lederansvar som kommunestyret eller andre folkevalgte organer ikke kan frata ham eller henne. Tilføyelsen om at dette lederansvaret skal utøves «innenfor de rammer kommunestyret eller fylkestinget



Bernt
svarer:
Når

særegne forhold
svekker tilliten til
rådmannen



Gikk av
etter grov

omsorgssvikt



Klart
svakere i
Stavanger



Over

halvparten går
dårligere

Barnevernet i Midtre
Namdal siktet for
tjenesteforsømmelse

Ansvarlig redaktør og administrerende
direktør: Britt Sofie Hestvik.

Kommunal-Rapport.no er redigert på
uavhengig grunnlag og etter de normer og
regler som er nedfelt i Redaktørplakaten,
Vær Varsom-plakaten og
Tekstreklameplakaten.

Kontaktinformasjon: Boks 1940 Vika, 0125
Oslo. Tlf: 24 13 64 50. E-post:
redaksjon@kommunal-rapport.no.

Utviklet av Ramsalt Lab på Drupal.

fastsetter», går bare på hva som skal gjøres og rammene for dette, ikke på rådmannens ansvar for at det gjøres skikkelig.

Hvis kommunestyret er usikker på rådmannens og administrasjonens evne til å utrede og gjennomføre den aktuelle saken, vil det kunne fatte vedtak om å trekke inn ekstern hjelp, f.eks. fra et advokatfirma eller konsulentfirma, **men ansvaret for å utforme og legge fram saksforelegg for kommunestyret vil fortsatt ligge hos rådmannen.** Hvorvidt rådmannen oppfatter dette som mistillit, vil være opp til ham eller henne. Men man kan altså ikke legge det formelle ansvaret for saksforberedelse og gjennomføring til andre enn rådmannen.

Hvis rådmannen derimot er inhabil, må han eller hun selvsagt tre helt til side og ikke ha noen befatning med saksforholdet. Og i tillegg kan ingen tilsatte i administrasjonen da treffe noen realitetsavgjørelse i saken, bare utarbeide saksforelegg med forslag til vedtak i folkevalgte organer.

Spørsmålet om rådmannen er inhabil i en sak som denne, må avgjøres ut fra bestemmelsen i [forvaltningsloven § 6](#) andre avsnitt, om inhabilitet der «særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet».

Da er det ikke nok at rådmannen har gjort en dårlig jobb i første omgang, det må også være grunn til å frykte at hans eller hennes videre befatning med saken vil kunne bli påvirket av et ønske om å sette sin egen saksbehandling i et minst mulig dårlig lys.

Det er vel en mulighet for at rådmannen vil være interessert i hevde at de råd som rådgiveren ga, og som han eller hun baserte seg på, ikke var

uforsvarlige på den tid de ble gitt, eller at tapet ikke ble så stort når man sammenlikner det med det som var den mest nærliggende alternative investeringsmuligheten. Selv om dette ikke skulle være sannsynlig, og selv om rådmannen framtrer som både troverdig og ryddig på dette trinnet i prosessen, vil det etter min mening være klokest om han eller hun blir ansett som inhabil, og at ansvaret for den administrative saksbehandling legges til en annen i kommunens ledelse, samtidig som man selvsagt sikrer seg best mulig advokathjelp i saken.

Flere artikler om [Bernt svarer](#)



Sosial tilleggsfunksjon for Facebook

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalget i
Sykkylven kommune

Dato: 20.02.2014

**SAK 09/14
FORSLAG TIL ÅRSMELDING 2013 – SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL**

Det blir vist til vedlagte forslag til årsmelding.

På bakgrunn av ovenstående blir saka lagt fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Det framlagte forslaget til årsmelding blir vedteke som årsmelding 2013 for Sykkylven kontrollutval.

Harald Rogne
dagleg leiar

SYKKYLVEN KOMMUNE

KONTROLLUTVALET

ÅRSMELDING FOR VERKSEMDA I 2013

Etter Lov om kommunar og fylkeskommunar § 77 er det pålagt for kommunane å ha kontrollutval.

Kommunelova har som føremål at kommunen si verksemd skal:

- tilrettelegge forholda for eit funksjonsdyktig kommunalt folkestyre
- og for ei rasjonell og effektiv forvaltning av dei kommunale fellesinteressene innanfor ramma av det nasjonale felleskapet og med sikte på ei bærekraftig utvikling.
- Legge til rette for ei tillitskapande forvaltning som bygg på ein høg etisk standard

Dette gir mål for kontrollutvalet sitt arbeid og peikar ut ei retning for korleis utvalet skal utøve rollen sin. Desse måla skal vere å finne igjen i føremålet med både rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon selskapskontroll og andre typar kontrollar. Årsmeldinga gir informasjon om kva for oppgåver kontrollutvalet har hatt fokus på i 2013 og dermed kva utvalet har gjort for å bidra til å nå dei overordna måla.

Utvalet skal på vegne av kommunestyret stå for det løpande tilsynet med kommunen si forvaltning. Utvalet rapporterer og gir innstilling direkte til kommunestyret i saker der dette er oppgåva.

I medhald av kommunelova har kommunaldepartementet fastsett forskrifter om kontrollutval den 15. juni 2004. I forskrifta er det gitt reglar for val og sammensetting av utvalet, om utvalet sitt ansvar og oppgåver, om saksbehandling og sekretariat.

Mellom anna skal utvalet føre tilsyn med at revisjon av årsrekneskaper skjer på ein tilfredstillande måte og at det blir utført forvaltningsrevisjon og tilsyn med eierskapet i selskap der kommunen er eigar eller deleigar i (selskapskontroll).

Etter regelverket skal kontrollutvalet ha eige sekretariat, uavhengig av administrasjonen og den valde revisjon. Sekretariatet skal mellom anna sjå til at sakene som blir lagt fram for kontrollutvalet er forsvarleg utgreidd.

Etter valet i 2011 har utvalet hatt denne samansettinga:

Leiar: Odd Jostein Drotninghaug (Sp)
Nestleiar: Sigmund Valbø (Krf)
Medlem: Grethe Melseth (Ap)
Medlem: Ole Bjørn Roald (H)
Medlem: Anita Søvik (Sp)

Aktiviteten i året

Kontrollutvalget har hatt 6 møte i 2013 og behandla 37 saker. Møtebøker frå kontrollutvalet sine møte blir oversendt kommunestyret til orientering. Kommunestyret får dermed løpande oversikt over aktiviteten i kontrollutvalet. I saker der kontrollutvalet gir innstilling eller uttalar til kommunestyret, blir det sendt særutskrift og saksdokument til kommunestyret. Innstillingsretten i slike saker ligg til kontrollutvalet.

Det har blitt lagt vekt på å delta i relevante fora for å halde seg oppdatert om informasjon som er aktuell for kontrollutvalet sine oppgåver. Eit viktig bidrag her har vore den årlege kontrollutvalskonferansen.

Når kontrollutvalget har ønska meir informasjon om kommunen si verksemd og samtidig gjere eigen funksjon meir kjent, har rådmannen blitt invitert for å orientere. Også revisor har blitt invitert til å orientere om revisjonsarbeidet.

I tillegg til behandling av kommunen sin rekneskap og årsmelding, har kontrollutvalet også sett det som ei viktig oppgåve å ha ei løpande oppfølging av kommunen sin økonomiske situasjon mellom anna gjennom behandling av kommunen sine økonomirapportar og forpliktande plan.

Kontrollutvalet har følgd opp arbeidet med prosjektskisse for forvaltningsrevisjon av legekantor. Ei vurdering av bompengoordninga i Sykkylvsbrua AS er også gjennomført.

Kontrollutvalet har brukt mykje ressursar på oppfølging av derivatkontraktane mellom Sykkylven kommune og Nordea Bank ASA. Denne saka har vore relativt tung. Vidare har oppfølging av politiske vedtak og byggesaksbehandling vore tema. Kontrollutvalet har lagt fram plan for selskapskontroll og sendt denne over til kommunestyret.

Det hender at kontrollutvalet blir kontakta av private som ønskjer å få vurdert korleis kommunen har behandla dei i si saksbehandling. Dette var situasjonen også i 2013. Kontrollutvalet vurderer i kvart enkelt tilfelle om ei slik sak skal bli behandla.

Kontrollutvalet har i året også behandla ei sak der sensitive personopplysningar hadde kome ut på kommunen si heimeside.

Medlemene i kontrollutvalet er kjent med at kontrollutvalet sine oppgåver er mange og viktige. Derfor har det blitt gitt prioritet å styrke dette arbeidet. Kontrollutvalet har teke sikte på å bidra til at det blir skapt tillit til kommunen og at kommunen framstår som truverdig for brukarar og innbyggjarar i tenesteproduksjon, utøving av mynde og forvaltningsfunksjonar. Tilsyns- og kontrollordninga skal medverke til å skape legitimitet til desse prosessane med ei kritisk og konstruktiv tilnærming.

Sykkylven, den 27.02.2014

Odd Jostein Drotninghaug	Sigmund Valbø	Grethe Melseth	Ole Bjørn Roald	Anita Søvik
leiar	nestleiar	medlem	medlem	medlem
(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sykkylven kommune

Dato: 20.02.2014

**SAK 10/14
UTGREIING OM ORGANISERING AV REVISJONSDISTRIKT -
ORIENTERINGSÅK**

Som vedlegg følger:

- Notat frå interimsgruppa – Kommunal revisjon i Møre og Romsdal

Det blir vist til vedlagte notat. Dagleg leiar for kommunerevisjonen, Kjetil Bjørnsen, vil gi ei nærare orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

**Kommunal revisjon i
Møre og Romsdal**

30. august 2013

Møre og Romsdal – kommunal revisjon

Ønske om å få etablert et interkommunalt samarbeid om revisjon for alle kommuner og fylkeskommunen i Møre og Romsdal har flere ganger vært oppe til vurdering.

Høsten 2012 ble en invitasjon til samarbeid sendt fra styret i Kommunerevisjonsdistrikt II til kontrollutvalget i Møre og Romsdal Fylkeskommune. Denne invitasjonen ble behandlet i kontrollutvalget og deretter i fylkestinget. Det ble her vedtatt å utrede alle sider ved et samarbeid med Kommunerevisjonsdistrikt II, i tillegg ble det åpnet for at andre kommuner i fylket kan bli med i utredningsarbeidet. Fylkestinget vedtok også at utredningen skal legges fram for fylkestinget før eventuelle forhandlinger om etablering av en felles revisjonsenhet.

Etter positivt vedtak i fylkestinget har interessentene i samarbeidet satt ned en interimsarbeidsgruppe med deltagere fra kontrollutvalgene og fra revisjonsenhetene. Interimsarbeidsgruppen har sendt invitasjon til alle kommuner v/kontrollutvalgssekretariatet og revisjonsdistrikt i fylket, og invitert dem til å delta i arbeidet. Etter denne invitasjonen er det foreløpig Distriktsrevisjon Nordmøre IKS som har meldt sin interesse for å delta i utredningen, og derved er blitt med i interimsarbeidsgruppa.


Interimsarbeidsgruppa har nå følgende deltagere:

Navn	Rolle	Fra
Ingvild Bye Fugelsøy	Revisor/tillitsvalgt	Distriktsrevisjon Nordmøre IKS
Anny Sønderland	Revisor/tillitsvalgt	Kommunerevisjonsdistrikt II
Ronny Rishaug	Revisor/tillitsvalgt	Fylkesrevisjonen
Åse Eriksen	Sekretær	Kontrollutvalgene i Romsdal
Harald Svendsen	Sekretær	Kontrollutvalgene på Nordmøre
Hans Blø	Sekretær	Kontrollutvalget i fylkeskommunen
Sigmund Harneshaug	Revisjonssjef	Kommunerevisjonsdistrikt II
Finn Å. Ødegård	Revisjonssjef	Fylkesrevisjonen
Bjarne Dyrnes	Revisjonssjef	Distriktsrevisjon Nordmøre IKS

Interimsarbeidsgruppa mener utredningsarbeidet må ha en forankring hos alle deltagere og foreslår at det etableres en styringsgruppe som leder dette arbeidet. De som ønsker å delta i utredningen inviteres til et møte i representativt organ hvor styringsgruppen velges, og hvor mandatet for utredningen blir fastlagt.

Interimsarbeidsgruppen legger i dette notatet fram forslag til mandat, organisering og framdriftsplan for utredningen.

Prosesskart



Mandatet for utredningen

Alle kommunene som er invitert med i utredningen er godt fornøyd med sine revisjonsenheter i dag. Det er derfor framtidens utfordringer og hvordan disse skal møtes som er grunnlaget for utredningen. Arbeidsmarkedet er stramt i vår region, og det har vært utfordringer med rekruttering av revisorer ved enkelte anledninger. Kommunal revisjon vil også av enkelte arbeidssøkere kunne oppleves som en nisje i markedet, noe som kan gi større utfordringer på området i framtiden. En større revisjonsenhet gir større fagmiljø og kan bidra til breiere og bedre rekruttering. Utredningen bør derfor ha som fokus hvordan en kan bidra til å beholde og rekruttere kompetansen kommunene har behov for i framtida.

Trenden i revisjonsbransjen er større enheter, noe som også reflekterer samfunnsutviklingen innen kommunesektoren. Samhandlingsreformen er et eksempel som stiller nye krav til kompetanse for både kommunene selv og kommunens revisor. Blir det færre og større kommuner i fremtiden er det med på å forsterke behovet for større revisjonsenheter.

Vi foreslår at utredningen blir gjennomført etter følgende mandat:

Utredningen skal innledningsvis beskrive revisjonens oppgaver, lovmessig grunnlag og intensjoner for den kommunale revisjonsordningen, herunder avgrensning i forhold til rådmannens ansvar for internkontroll og tilsynsmyndighetenes virkefelt.

Utredningen skal beskrive hvilke krav og målsettinger som er relevant å stille til en framtidig interkommunal revisjonsordning. Videre skal den belyse fordeler og ulemper med en

sammenslåing av revisjonsenhetene sammenholdt med dagens ordninger, herunder i hvilken grad en sammenslåing av enhetene kan bidra til økt kompetanse, høyere kvalitet på revisjonstjenestene, høyere produktivitet eller andre fordeler. Dagens kompetansebeholdning i revisjonsenhetene må også kartlegges.

Alternative organisasjonsmodeller og samarbeidsordninger skal være en del av utredningen. Her skal det belyses hva slags bindinger og forpliktelser en eventuell endring av revisjonsordningen vil innebære for kommunene, herunder muligheten for framtidig uttreden av ordningen. Ansattes rettigheter og forpliktelser belyses i utredningen.

Det skal belyses hvordan eierkommunene kan utøve eierstyring dersom revisjonen organiseres som et interkommunalt selskap(IKS).

Utredningen skal også kort beskrive forholdet mellom revisjonsenheten og sekretariatet for kontrollutvalgene.

Organisering av utredningsarbeidet

Det har vært gjennomført flere utredninger om kommunal revisjon i Norge de siste årene. Vi har sett på organisering av en tilsvarende utredning på Romerike som førte frem til et felles revisjonsselskap for kommunene der. Vi foreslår i hovedsak å bruke den samme organisering av vår utredning.

Som nevnt innledningsvis foreslår vi at det etableres en styringsgruppe som leder utredningsarbeidet.

Vi har i dag to revisjonsselskap og fylkesrevisjonen som har meldt sin interesse for å delta i utredningsarbeidet. Styringsgruppen kan bli veldig stor dersom alle aktuelle kommuner og fylkeskommunen skal være representert. Vi foreslår derfor at det blir ett medlem fra ett av kontrollutvalgene som tilhørere hver revisjonsenhet i styringsgruppen, til sammen blir det da 3 medlemmer pr dato. For å ha en sterkest mulig forankring politisk mener vi at det er kontrollutvalgsledere som fortrinnsvis må velges til dette. Et alternativ kan være å velge leder av representantskapet eller styret for revisjonsenheten, noe som gir en god forankring mot dagens revisjonsenhet på overordnet nivå. I tillegg mener vi det må være en representant fra de ansatte i styringsgruppen, denne velges av de ansatte.

Vi foreslår også at det settes ned en arbeidsgruppe som skal gjennomføre utredningen.

I arbeidsgruppen foreslår vi at revisjonssjefene i aktuelle enheter deltar, samt at de ansatte får velge en representant. Prosessen involverer svært mange kommuner og flere revisjonsenheter så vi anbefaler også at det vurderes å ta inn en ekstern utredningsleder som kan lede prosjektet.

Dersom flere revisjonsdistrikt/kommuner ønsker å delta i utredningen mener vi at det på samme måte som ovenfor, også da velges en kontrollutvalgsleder fra en av kommunen i det aktuelle revisjonsdistriktet inn i styringsgruppen.

Det bør også velges personlige varamedlem til alle deltagere i styringsgruppen.

Styringsgruppen og arbeidsgruppen kan selv velge sin organisering, men vi anbefaler at det velges en leder for hver av disse som har et særskilt ansvar for fremdriften i arbeidet.

Framdriftsplan

Vi ser mange fordeler med en effektiv framdrift på utredningen. Det er likevel svært mange kommuner involvert og arbeidet vil nødvendigvis ta tid.

Vi legger frem følgende forslag til overordnet framdriftsplan:

- Konstituerende møte med valg av styringsgruppe – innen 30.11.2013
- Utredning lagt frem av styringsgruppen – innen 30.04.2014
- Behandling i respektive kommunestyre/fylkesting – innen 30.06.2014
- Forhandlingsfase for etablering av ny revisjonsenhet – 1.7 til 31.12.14
- Eventuell etablering av ny revisjonsenhet – innen 30.6.2015

Det er mest praktisk å etablere en ny revisjonsenhet 1.7.2015 pga revisjonsarbeidet for regnskapsåret 2014 blir avsluttet i løpet av første halvår 2015.

De kommuner som ønsker å delta i arbeidet må avklare dette innen konstituerende møte i styringsgruppen.

Vi ser at utredningsarbeidet må delvis gjennomføres i årsoppgjøret som er den mest krevende tid for revisjonsenhetene, vi tror derfor det må beregnes såpass tid på dette.

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sykkylven kommune

Dato: 20.02.2014

**SAK 11/14
OM TILSKOT TIL MINORITETSSPRÅKLEGE BARN**

Som vedlegg følger:

- Brev av 11.02.2014 frå kommunerevisjonen

Det blir vist til vedlegget og sakspapir delt ut i førre møte. Det er fylkesmannen som skal rapportere om gjennomført tilskotskontroll.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

Sykkylven kontrollutval
v/SKS IKS

Vår sakshandsamar:
Kurt Løvoll

Vår dato:
11.02.2014

Vår referanse:

Dykkar dato:

Dykkar referanse:


VEDRØRANDE FØRESPURNAD OM TILSKOT TIL MINORITETSSPRÅKLEGE BARN


Vi viser til førespurnad frå Sykkylven kontrollutval til kommunerevisjonen i møte 16.01.2014, om å be kommunen om ei nærare forklaring på bruken av tilskot til minoritetsspråklege barn.

Vedlagt følgjer førespurnad til kommunen datert 28.01.2014. Vidare følgjer svar frå kommunen datert 03.02.2014. I svaret frå kommunen ligg og ved korrespondanse med ein privat barnehage, samt referat frå møte i styrarnettverk 13.08.2013.

Brevet frå Sykkylven kommune er og sendt som kopi til Fylkesmannen.

Med helsing


Kjetil Bjørnsen
daglig leder


Kurt A. Løvoll
revisjonsrådgievar

Kopi: Sykkylven kommune v/kommunalsjef
Vedlegg: Korrespondanse med Sykkylven kommune



Sykkylven kommune
Rådmannen

Kommunerevisjonsdistrikt nr 3 i Møre og Romsdal
Postboks 7734, Spjelkavik
6022 ÅLESUND

Dykkar dato: 28.01.2014
Dykkar ref.:

Vår dato: 03.02.2014
Vår ref.: 2013/47-1376/2014
Klassering: 233

Saksbeh.: Kristin Dyrkorn
Telefon: 70 24 66 08

Svar på brev om kontroll av tilskot til minoritetsspråklege barn

Det vert vist til brev datert 28.01.2014 om kontroll av bruk av tilskot til minoritetsspråklege barn i Sykkylven kommune etter oppdrag frå Sykkylven kontrollutval.

Sykkylven kommune sender kopi av svaret til Fylkesmannen i Møre og Romsdal sidan det er Fylkesmannen som har ansvar for tilsyn med kommunen sin bruk av øyremerkte tilskot.

«Tilskudd til tiltak for å bedre språkforståelsen blant minoritetsspråklige barn i førskolealder», er etter omlegginga til rammetilskot i 2011, det einaste tilskotet som vert gjeve som øyremerkte tilskot til kommunen innanfor barnehagefeltet.

Sykkylven kommune hadde slik deltaking i barnehage for minoritetsspråklege barn i 2013 – 54 barn, og har i 2014 – 58 barn. I 2013 mottok kommunen 95 904 kr pr halvår med ei tilleggsutbetaling på 1 571 kr i desember 2013 frå Utdanningsdirektoratet.

Årleg sidan tilskotet kom, har midlar som ikkje har blitt disponert, vore avsett på fond. I 2013 var det semje i styrarnettverket om å legge til rette for ei felles kompetanseheving for alle barnehageansatte i kommunen knytt til dei pedagogiske verktøy som er innkjøpt til språkstimulering for minoritetsspråklege barn.

Desse er :

Snakkepakken (omgrepslæring, språk, form, farge mm)
Mattekassa (matematiske omgrep)
Inpedkort (omgrepslæring / lydar mm)
Ipad (pedagogiske appar)
Nyborgmodellen (omgrepslæring)

Sidan alle barnehagane i kommunen har dette materialet, ville ei felles samling med gjennomgang, inspirasjon og erfaringsdeling vere ei investering i auka kompetanse om tospråklege barn og læring. Alle barnehagane i kommunen, kommunale og ikkje-kommunale vart invitert til felles samling. Samlinga vart gjennomført 24/25 januar og var i si heilheit finansiert av midlar avsett i fond.

Når det gjeld dei konkrete spørsmåla til kommunerevisjonen distrikt 3:

Kven fattar vedtak om bruk av midla i Sykkylven kommune ?

Svar:

Det har sidan 2008 vore rådgjevar barnehage som har hatt arbeidet med å ta mot søknader og bestille dei ulike pedagogiske verktøy som barnehagane har motteke for desse midlane.

Har kommunen gjort private barnehagar (eller andre relevante tenester) merksame på at dei kan søke om desse midlane ?

Svar:

Alle barnehagar har i felles styrarmøte fått melding om at kommunen får slike midlar og korleis dei er ønskt nytta.

Det vert vist til vedlegg, brev datert 27.05.13 der det er oppretta ei rutine på at tildelingsbrevet frå Utdanningsdirektoratet (Udir) vil bli sendt som kopi til barnehagane.

Barne- og familitenestene i Sykkylven (helsestasjon /pedagogisk psykologisk teneste/ barnevern/flyktning) er kopimottakar av brevet frå Udir i internt brev- og arkivsystem ePhorte

Har private barnehagar eller andre søkt på midlar

Viss ja:

Svar:

Det har gjennom perioden 2008-2013 vore søkt om mykje pedagogisk materiell, både frå kommunale og ikkje-kommunale barnehagar .

Det er nytta midlar til tolketeneste i møte med foreldre, dette vert dekt etter rekning frå barnehagane . I korte periodar har det vore tilsett ekstra assistent fordelt på fleire av barnehagane. Dette etter ordinær utlysing av stilling i det kommunale systemet.

Det er fellestiltak som har kome alle barnehagane til gode.

Det er ikkje fatta enkeltvedtak på søknadane.

Det har ikkje vore søkt om konkrete kronebeløp, men Ikornnes FUS barnehage stilte i brev datert 08.05.13 , sjå vedlegg, spørsmål rundt systemet kommunen har for midlane til minoritetspråklege barn, der dei viser til at det i mange kommunar vert betalt ut kronesummar til barnehagane etter søknad. Dette brevet vart ikkje vurdert som ein konkret søknad om eit kronebeløp, men eit spørsmål om korleis vi vurderer bruken av midlar i kommunen og om midlane vert nytta etter retningslinene for tilskotet.

Har private barnehagar blitt gjort merksame på at dei kan anke eventuelle avslag på søknad om slike midlar ?

Svar:

Kommunen har dekt beløp etter rekning frå dei ikkje-kommunale og kommunale barnehagane ved bruk av td. tolketeneste eller innkjøp av pedagogisk materiell. Kommunen har i seinare år i stor grad kjøpt inn materiellet og fordelt det til barnehagane utan søknad.

Kommunen vil syte for at det i samband med kopi av tildelingsbrev frå Utdanningsdirektoratet, vil gå ut melding til mottakarane om at svaret på ein konkret søknad frå ikkje-kommunale barnehagar er eit enkeltvedtak som barnehagen kan klage på slik som med vedtak om kommunale tilskot etter forskrift om likeverdig behandling.

Jf . vedlegg med rettleiing for bruk av midlane, på kva måte blir midlane brukt i 2013 og 2014 i tråd med retningslinene?

Svar:

Retningslinjene for bruken av midlar til minoritetsspråklege barn :

« Kommunen kan nytte tilskuddet fleksibelt ut fra lokale variasjoner og behov, under forutsetning av at målsettingen med tilskuddet ligger til grunn for utforming av tiltak. Tilskuddet skal vere et supplement til kommunens egne midler . Tilskuddet følger ikke det enkelte barn. Det er øremerket tilskudd for minoritetsspråklige barn i førskolealder og skal primært nyttas til tiltak rettet direkte mot barna. Tiltak i barnehage bør prioriteres»

Sykkylven kommune har høg deltaking i barnehage for minoritetsspråklege barn. I BASIL teljinga pr.15.12.2013 var 58 av 450 barn minoritetsspråklege. Kommunen har til saman 9 barnehagar, 5 kommunale og 4 ikkje-kommunale. Det har vore muleg å gjennomføre felles tiltak og prioriteringar med dei minoritetsspråklege midlane fordi vi er «små» og har eit nært samarbeid på ein felles arena, «den sykkylvske barnehage» . Målsettinga har heile tida vore å nytte ressursane på ein måte som gjev best muleg effekt for læringsmiljøet til minoritetsspråklege barn.

Alle barnehagane i kommunen har minoritetsspråklege barn, talet varierer år om år. Gjennom fellestiltak sikrar vi at variasjonen i talet på minoritetsspråklege i den enkelte barnehage ikkje legg føringar for kva materiell barnehagane disponerer.

Pedagogisk materiell vert nytta til tiltak retta direkte mot barna. Det har i styrerettverket vore semje om at dette er ein fornuftig måte å nytte ressursar på. Kompetanseheving på ein felles arena vil og kome det direkte arbeidet med barna til gode.

Kommunen held fast ved at tilskot til minoritetsspråklege barn bli nytta i samsvar med retningslinene i F-01-2011.

I 2013 er det rekneskapsført kostnader til innkjøp av materiell/ kurs / tolketeneste for 236.474,36 kroner .

Alle barnehagane i kommunen har i 2013 fått:

Komplett pakke med Inped kort (systematisk bruk av rammeplanen/ språkstimulering).

2-4 ipadar som blir oppdatert med pedagogiske appar gjennom icloud.

Det har vore supplert med Snakkepakken og Nyborgmodellen for alle som har lagt inn ønske om det.

Det er kjøpt lyd bøker med norske eventyr på alle aktuelle språk som er tiigjengeleg.

Det er halde kurs i animasjon med ipad.

Det er halde kurs om ipad som pedagogisk verktøy.

Det er dekt kostnader til tolketeneste til foreldresamarbeid.

2014 har nett starta og vi har ikkje rekneskapstal å vise til. Det er gjennomført ei samling der alle barnehagane var invitert med alle tilsette den 24/25 januar. Dette var ca. 120 deltakarar og kostnaden ved kurshaldar/reise og opphald vil bli om lag 265 000 kr. Det gjev rest fondsmidlar i 2014 om lag 85 000 kr. Kommunen har ikkje motteke melding om tilskot for 1.halvår 2014 enno.

Det er ikkje drøfta nye tiltak, men det er bestilt materiell for å supplere dei systema vi bruker, som nye hefte til Snakkepakken og fleire sett av Nyborgmodellen.

Det kan og vere at vi kjem til å utvide ipad prosjektet, i det nye rammeplanutkastet for barnehagane, ligg grunnleggande ferdigheiter i ikt forankra. Barnehagen skal vere med å utjamne sosial ulikskap og i dette ser ein klart ein fordel for minoritetsspråklege å vere kjent med å kunne nytte eit hjelpemiddel som ipad. Reint pedagogisk er det eit arbeidsverktøy der ein kan involvere barn åleine og i grupper på svært mange område.

Sykkylven kommune vil sjølvsagt handsame konkrete grunngjevne søknader frå barnehagane i samsvar med forvaltningslova og fatte enkeltvedtak for barnehagar som er egne rettssubjekt.

Dersom barnehagar vel å søkje om konkrete midlar og får positivt svar, legg kommunen til grunn at dette er noko dei ønskjer i staden for fellestiltaka vi har pr. i dag og at kostnadane barnehagen har vedkomande minoritetsspråklege barn vert dekt av desse midlane. Praksisen i større kommunar ser ut til å vere ein sum pr. minoritetsspråkleg barn registrert i BASIL pr. 15.12. året før.

Med helsing


Eldrid Suorza
kommunalsjef

Kristin Dyrkorn
rådgjevar barnehage

Vedlegg:

- 1 Spørsmål om bruk og informasjonsplikt av øyremerka tilskot til tiltak for å bedre språkforståelsen blandt minoritetsspråklege born i førskulealder
- 2 Bruk og informasjonsplikt av øyremerka tilskot til tiltak for å bedre språkforståelsen blant minoritetsspråklege born i førskulealder
- 3 Referat frå styrarnettverk 18.06.2013

Kopi til:

Björg Rabbevåg økonomiavdelinga
Fylkesmannen i Fylkeshuset
Møre og
Romsdal

vedlegg 1.

Sykkylven kommune

År/S.nr.: 13/47 Dok.no.:
L.nr.: Klass.: 110



Ikorntnes

16 MAI 2013

Avd.: Saksb.:

Ikorntnes 08. 05. 2013

Sykkylven kommune
v/ barnehagerådjevar Kristin Dyrkorn
Rådhuset
6230 Sykkylven

**SPØRSMÅL OM BRUK AV ØYREMERKA TILSKOT TIL TILTAK FOR Å BEDRE SPRÅKFORSTÅELEN
BLANDT MINORITETSSPRÅKLEGE BORN I FØRSKULEALDER, OG KOMMUNEN SI
INFORMASJONSPLIKT OM TILSKOTET.**

Vi får stadig fleire minoritetsspråklege barn i barnehagane, og behovet for å kunne jobbe litt ekstra med desse barna for å gjere dei betre rusta til skulestart, aukar. FUS er den største barnehagekjeda i landet, og eg høyrer at barnehagane andre stadar vert tildelt pengar som skal nyttast direkte mot dei minoritetsspråklege barna. For ikkje lenge sidan var tre av mine tilsette på kurs med tanke på korleis ein kan legge til rette for dei minoritetsspråklege barna. På kurset fekk dei beskjed om at "dere må sende inn søknad i kommunen, så får dere midler".

Vår barnehage har ikkje fått informasjon om at vi kan søke om midlar til minoritetsspråklege, sjølv om vi tidlegare har etterspurt og meint at dei minoritetsspråklege må få noko ekstra.

Vi har fått beskjed om at tilskotet som kommunen får er så lite at det forsvinn fort. Det øyremerka tilskotet blir heller ikkje fordelt etter konkret vurdering av behovet i den enkelte barnehage.

Det øyremerka tilskotet har blitt nytta til innkjøp og fordelt omtrent likt på dei 9 barnehagane i bygda.

Med tanke på det beste for barna og bruken av tilskot til minoritetsspråklege barn i vår kommune vil eg vite:

- Kvifor vi ikkje har blitt informert om at vi kan søkje om midlar til minoritetsspråklege
- På kva grunnlag tilskotet i Sykkylven kommune har vorte nytta til innkjøp av språkmateriell
- Kvifor tilskotet ikkje vert fordelt etter konkret vurdering av behovet i den enkelte barnehage

8. november 2011 sendte eg eit brev til Sykkylven kommune v/ rådmannen angående behov for hjelp til framandspråklege barn og til barn som treng spesialpedagogiske ressursar.

Med stor arbeidsinnvandring, Ekornes fabrikkar som næraste og største arbeidsplass, har vi ved Ikorntnes FUS Barnehage mange både framandspråklege og minoritetsspråklege barn. Dei minoritetsspråklege barna har rett på ekstra språkstimulering når dei går i barnehagen.

I svarbrev datert 07.02.2012 stod fylgjande:

"For minoritetsspråklege barn mottek vi øyremerkte midlar. Vi har nytta desse midlane primært til å kjøpe inn språkmateriell til alle barnehagane i kommunen (både kommunale og ikkje kommunale). Snakkepakken bygg opp om omgrepslæringa til barna. Den er dyr i innkjøp, ca. 8.000 kroner pr stk.

Alle barnehagane har minst to snakkepakkar.

Mattekassen følg same prinsipp og det er innkjøpt til alle barnehagane pris samla 30- 40 000 kroner. Lydbøker og anna vert innkjøpt etter søknad frå barnehagane/ eller etter initiativ frå rådgjevar barnehage.

Kurs for tilsette knytt opp mot framandspråklege kan dekkast med desse midlane.

Våren 2011 hadde vi tilsett assistent i 100% stilling i tre månadar med arbeidsplass i 4 ulike barnehagar for å følgje opp barn med anna morsmål enn norsk.

Vi kjem "langt" med desse midlane når vi nyttar dei til innkjøp av materiell. Skal dei avsetjast til lønsmidlar, får vi lite stillingsstorleik for desse pengane.

Ein ser samtidig at fleire av barnehagane slit med foreldrekontakt, det å skape trygge rammer rundt barn som har lite eller ingen norskkunnskap. De kan nytte av desse midlane til tolketeneste ved foreldresamtale td, men ikkje til å prioritere faste stillingar. Sykkylven kommune ved Flyktningkontoret har oppretta ein avtale med Hero tolketeneste, der ein kan få tolk pr telefon td."

Ikorntnes FUS barnehage protesterte mot at kommunen i 2011 i ei periode tilsette ein assistent som ikkje beherska norsk til å hjelpe framandspråklege barn mellom anna i vår barnehage. Assistenten beherska verken dei norske språklydane eller norsk grammatikk. Vi har dyktige pedagogar i barnehagen som kunne tatt oppgåva, dersom vi fekk midlar til å leige inn ein assistent til å frigjere dei frå oppgåver som ikkje krev pedagogkompetanse.

Tilbakemeldingane frå fleire barnehagestyrarar til rådgjevar i år, har vore at vi no må bremse på innkjøp av hjelpemiddel, då vi må ha tid til å setje oss inn i bruken av det vi til no har fått utdelt.

Årsmeldingane som er innsendt frå Ikorntnes FUS Barnehage viser at talet på minoritetsspråklege i vår barnehage har auka dei siste åra:

15. desember 2010 totalt 70 barn i barnehagen, 6 av desse var minoritetsspråklige

15. desember 2011 totalt 71 barn i barnehagen, 7 av desse var minoritetsspråklige

15. desember 2012 totalt 72 barn i barnehagen, 11 av desse var minoritetsspråklige

Etter å ha kontakta barnehagerådgjevar fekk eg tal henta frå BASIL rapportane pr 15.12.12 frå alle barnehagane i Sykkylven:

Barnehage	Tal minoritetsspråk.	Samla barnetal	Minoritetsspråk i %
Ullavik	3	59	5%
Velledalen N.	3	37	8%
Tryggheim	3	36	8,5%
Ikorntnes FUS	11	72	15%
Krikane	9	63	14%
Tandstad	8	28	28,5%
Vik	8	48	16,5%
Vikedalen	3	64	4,5%
Blakstad	6	41	14,5%
Sum	54	448	12%

Samla tal minoritetsspråklege er 54, noko som utgjer 12% av samla barnetal i barnehagane pr. 15.12.2012.

Viser elles til at "kommunen skal gjøre ikke-kommunale barnehageeiere og andre relevante tjenester i kommunen kjent med at de kan søke om å få tildelt denne typen midler til språkstimulering for minoritetspråklige førskolebarn"

"Midlene skal fordeles etter en konkret vurdering av behovet i den enkelte barnehage/ tjeneste".

Det står også i Pkt. 8.3 Bortfall av tilskudd, tilbakebetalingskrav:

"Hvis tilskuddsmidler ikke benyttes som forutsatt, kan departementet kreve hele eller deler av tilskuddet tilbakebetalt."

Barnehagerådgevar meiner at midlane har vore fordelt riktig, jfr mail 30.04.2013;

"Ut frå gjeldande formål og tildelingskriterier, vil eg seie at den bruken vi har av midlane, klart er innanfor ramma. Fylkesmannen førte tilsyn med desse midlane i 2008 eller 2009 og vi fekk ingen merknader i høve disposisjon av midlane."

Eg går ut i frå at talet på framandspråkelege, og dermed behovet for stønad har endra seg sidan 2009.

Vedlagt ligg nokre ark/ skjema som døme på korleis ein søkjer desse øyremerka midlane i Trondheim og Bærum kommune.

Eg ber barnehageansvarleg sjå på saka ein gong til og kome med ei tilbakemelding snarast.

Mvh



Julie Helen Johansen

Dagleg leiar

Ikornnes FUS Barnehage

Vedlegg: Eksempel på søknadskjema med tanke på minoritetspråklege barn (Trondheim og Bærum kommune)

Sendt til barnehagerådgevar Kristin Dyrkorn

Kopi til

Rådmann Ole Johan Lillestøl

Styret til Ikornnes FUS Barnehage ved Eli Sævareid og Reidar Pettersen



SYKKYLVEN

Rådmannen

Ikornnes FUS barnehage
Jarnesvegen 6
6222 IKORNNES

Dykkar dato: 08.05.2013
Dykkar ref.:

Vår dato: 27.05.2013
Vår ref.: 2013/47-6694/2013
Klassering: A10

Saksbeh.: Kristin Dyrkorn
Telefon: 70 24 66 08

Bruk og informasjonsplikt av øymerka tilskot til tiltak for å bedre språkforståelsen blant minoritetsspråklege born i førskulealder

Eg vil beklage dersom barnehagen opplever at dei ikkje har blitt informert om at ein kan søkje på midlar. Barnehagestyrarane i Sykkylven møtast etter eigen møteplan og det har vore tema på styrarnettverk at barnehagane kan søkje om slike tilskot. Det har vore sagt at ein frå kommunen si side primært ønskjer å nytte midlane på pedagogiske hjelpemiddel. Det har og vorte gjennomført tiltak med assistent etter søknad frå barnehagane.

Det har ikkje vore utdelt kronebeløp etter søknad frå barnehagane eller andre einingar anna enn til dekking av kostnader ved innkjøp av pedagogisk materiell.

Det vert oppretta ei rutine der barnehagane får kopi av tildelingsbrevet frå UDIR for å sikre at alle har skriftleg dokumentasjon på tildelinga til kommunen.

Kommunen som mottakar av midlane, har lagt stor vekt på at dei skal kome alle minoritetsspråklege barn til gode gjennom satsing på pedagogiske verkty i barnehagane i kommunen. Dette har og vore tema på styrarnettverk. Som eg har sagt tidlegare, ser eg ikkje at det skal vere grunnlag for at ei slik prioritering er i strid med føringane som ligg for desse midlane. Eg er likevel open for å endre prioriteringar dersom det er ønska frå dykk som er mottakarar.

Eg registrerer at det i brevet frå dykk er gjeve uttrykk for at det blant fleire av styrarane ikkje er ønskje om at ein satsar på meir investeringar i pedagogisk materiell.

Ingen har, etter det eg kjenner til, takka nei til deltaking på fellessatsinga med å nytte dei ulike pedagogisk hjelpemidla i arbeidet med språkopplæring. Det var teke opp på styrarnettverk om det skulle kjøpast inn Bravo materiell og det var sagt der at vi ikkje bør satse for vidt.

Det er sjølv sagt høve til å velje vekk deltaking i desse felles satsingane vi har gjennomført dersom ein eller fleire barnehagar ikkje ønskjer å delta.

Eg forstår det slik av brevet dykkar at det er ønskje om å søke etter eit kronebeløp som barnehagen sjølv disponerer til interne tiltak. Ein vil då kunne gje eit kronebeløp pr. barn pr. år på same måte som tildelinga skjer til kommunen. Det er vist til søkeskjema for Bærum og Trondheim. Dette er kommunar

med eit mykje større barnehagetilbod enn i Sykkylven og det kan tenkjast at felles prosjekt ikkje let seg gjennomføre på same måte i dei respektive kommunane.

Dersom ein reduserer kommunen sin aktivitet på felles tiltak, men har midlar til å drifte oppstarta prosjekt, tolketeneste mm, kan ein tenkje seg at barnehagane og barne- og familietenestene kan søkje om eit direkte beløp med grunngjeving for bruken av midlar. Eventuelt at barnehagane vel om dei ønskjer å delta på fellessatsingar eller å disponere eit beløp internt i barnehagen.

Vonar dette gjev svar på problemstillingane i brevet:

- Kvifor vi ikkje har blitt informert om at vi kan søkje på midlar til minoritetsspråklege
- På kva grunnlag tilskotet i Sykkylven kommune har vorte nytta til innkjøp av språkmateriell
- Kvifor tilskotet ikkje vert fordelt etter konkret vurdering av behovet i den enkelte barnehage

Sidan temaet du tek opp, er aktuelt for alle barnehagane i kommunen, vert dette svarbrevet sendt med kopi til barnehagane.

Det høver at dette vert tema på styrarnettverket den 18.juni, og eg sett det opp på sakskartet for det møtet.

Med helsing

Kristin Dyrkorn
rådgjevar barnehage

Vedlegg:

- 1 Tilskotsbrev vår 2013 - Tilskot til tiltak for å betre språkforståing blant minoritetsspråklige barn i førskulealder

Kopi til:

Tryggheim barnehage	Postboks 78
Krikane barnehage	postboks 53
Velledalen Naturbarnehage	Vallavegen 251
Berit Hanken	
Steinar Klokk	
Mette Hansen Brenne	
Torunn Vik	
Randi Ludviksen Hole	
Eldrid Suorza	



SYKKYLVEN

Rådmannen

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Dykkar dato: «REFDATO»
Dykkar ref.: «REF»

Vår dato: 13.08.2013
Vår ref.: 2013/54-9658/2013
Klassering: A10

Saksbeh.: Kristin Dyrkorn
Telefon: 70 24 66 08

Referat frå styrarnettverk 13.08.2013

Desse møtte : Steinar Klokk, Randi Ludvigsen Hole, Anita Woldsund, Torild Hole, Torunn Vik, Mette H. Brenne, Helene Løkken

Andre: Morten Kristiansen (ikt), Reidun Eidem (PPT)

Morten Kristiansen orienterte om ipad prosjektet. Kvar styrrar vil få tilgang på ein kode som gjer at ein kan laste ned innkjøpt programvare på ipadane. Ipad gruppa vil ta avgjersle om kva appar vi skal kjøpe inn. Ingen skal kjøpe/laste ned andre appar enn dei som går via skya. Forslag til appar kan sendast til Kristin Dyrkorn som legg dei fram for ipadgruppa i møte.

Reidun Eidem orienterte om stoda på PPT. Ein har vore heldige og fått inn to nye på deltid, ein psykolog og ein spesialpedagog som går i vikariat for Monica når ho har permisjon. Når det gjeld tilrådingar for barnehage, ligg vi ca 3 mnd. bak skjema. Dei som har tilråding skal ha nytt vedtak, eventuelle endringar vil kome til.

PPT har bestemt at dei vil prioritere å delta på styrarnettverk og rektormøte. Reidun vil møte på styrarnettverka.

Barnehagane la inn spørsmål om dei kan «bestille» boardmaker seriar med spes.ped barnehage då dei har god erfaring med å bruke programmet. Reidun trur det skal gå bra, ho orienterte om at Hjelpemiddelsentralen no vil skifte programvare til Symbol maker .

To av dei private barnehagane melder at dei ikkje kjem seg inn på VISMA med vpn løysinga. Dette må dei ta opp med PC- Support. Det er viktig av barnehageprogrammet er oppdatert med tanke på statistikk og spesielt i forhold til kontantstøtterapportane.

Dato for kurset med SPISS -kompetanse og Torill Fjæran Granum vert 6. november. Vi bestiller kurs som kan høve for alle barnehagetilsette, dvs autismespekteret og førskulebarn.

24-25 januar 2014 skal barnehagane i Sykkylven ha seminar om minoritetsspråklege og bruk av dei hjelpemidla vi nyttar i dette arbeidet; Ipad, Inped, Nyborgmodellen, Mattepakken mm. Vi bestiller inn forelesar frå Inped til foredrag fredag og held workshop for kvarandre. Det blir om lag 120 stk . kursstad vert Union i Geiranger. Steinar stadefestar bestillinga på hotellet.

17.september er det første Slettegjerdedag for årets førskulekull, 98 stk. Eigen plan er sendt ut pr. e-post til alle barnehagane. Kontakt kvarandre i styrargruppa om det er noko som er uklart.

Randi la fram eit blad der det var ein artikkel om bruk av ipad. «Glade barn» bladet. Kontaktinformasjon dersom nokon barnehagar vil bestille (det er gratis) er ;

Mail- gladebarn@bam.no

Web- www.gladebarn.no

Minner styrarane om at VISMA bør vere oppdatert pr. 15.09.2014 då barnetalet som er registrert denne dato vert nytta som talmateriale i budsjettplanlegging. Dette vert justert etter teljinga 15.12.14, men det har synt seg at septembertalet samsvarar ganske godt med desember.

Med helsing

Kristin Dyrkorn
rådgjevar barnehage

Kopi til:

Randi Ludviksen Hole

Mette Hansen Brenne

Berit Hanken

Steinar Klock

Torunn Vik

Eldrid Suorza

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sykkylven kommune

Dato: 20.02.2014

**SAK 12/14
BRUK AV ANBODSPRINSIPPET I SYKKYLVEN KOMMUNE**

I sak 04/14 gjorde kontrollutvalet slikt samrøystes vedtak:

Saka blir å kome tilbake til i neste møte.

Kontrollutvalsekretariatet ser for seg at det i møtet blir valgt eit område der det blir undersøkt om kommunalt innkjøp er i samsvar med Lov om offentlige anskaffelser.

Harald Rogne
dagleg leiar